



Arkivsaknr: 2023/10593-36
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling: Miljø og tilsyn

SAKSFRAMLEGG

Klage på plansak - Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua - PlanID 46312020005

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	
	Kommunestyret	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå naboar på detaljregulering for Fv.565 Alversundbrua, datert 17.07.2024, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket, frå Alver kommunestyre av 19.06.2024 som vert ståande, lyd slik:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for fv. 565 Alversundbrua, PlanID 46312020005, som vist på plankart sist datert 15.05.2024 og med føresegnar av revisjonsdato 15.05.2024.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

SAKSUTGREIING

Kommunestyre (KO) vedtak: 19.06.2024

Utval for areal, plan og miljø (APM) vedtak: 05.06.2024

Plannamn: Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua – planID 46312020005

Planforslag: Vestland fylkeskommune (Vlfk) i samarbeid med Alver kommune

Klagar: Arvingane etter Kåre Einar Hjellestad og Vigdis Olsen v/Eli Duesund

(tidlegare v/Petter Lillemork) – gards og bruksnummer (gbnr) 134/219

Uttale/tilsvar til klage - Vestland fylkeskommune

Klage frå John Arild Tellevik – gbnr 134/218 er i samråd med Vlfk svart ut av Eigedomsavdelinga i kommunen. Denne klagen er ikkje ein del av klageomgangen.

Vurderingstema for APM og KO

APM/KO må vurdere den vedtatte planen opp mot dei konsekvensar planen medfører for gbnr 134/219 og om det skal gjerast endringar i planen for å kompensere for dei ulempa/inngrepa planen medfører for gbnr 134/219.

Dersom KO vel å endre sitt planvedtak av 19.06.2024, så kan KO sende planen tilbake til kommunedirektøren som i samråd med Vlfk vil oppdatere plandokumenta i tråd med KO vedtaket.

APM/KO skal ikkje vurdere heil eller delvis innløyising av eigedomen – gbnr 134/219 i klageomgangen. Innløyising er ikkje ein del av noverande klage etter forvaltningslova kap. VI, men ein del av grunnervvervsprosessen etter plan- og bygningslova kapittel 15. Vlfk har direkte dialog med klagar om eventuell heil eller delvis innløyising av gbnr 134/219.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har mottatt klage frå nabo – gbnr 134/219. Klagar har klagerett på endeleg vedtak av reguleringsplan som er eit enkeltvedtak.

Vedtak i plansaka er kunngjort 26.06.2024. Klagen er mottatt 17.07.2024 og er mottatt innan fristen. Det vart halde møte med grunneigarar 03.09.2024 for avklaring av klage mm. I etterkant av møtet fekk grunneigarane ny frist for tilbakemelding om klage vert oppretthalden. Fristen vart sett til 10.10.24. Brev om at klagen vert oppretthalden av klage vart mottatt 10.10.24. Eli Hjellegstad Duesund gjer det her klart at ho har teke over all korrespondanse i saka og viser her til dei som var i møte 03.09.24.

APM og KO har ikkje handtert klage på planvedtaket tidlegare.

For nærare opplysningar om planvedtaket vert det vist til oppdaterte dokument i tråd med KO vedtaket av 15.05.2024, sjå vedlegg om godkjent reguleringsplan, føresegn og planomtale sist oppdatert av Vestland fylkeskommune (Vlfk) pr. 20.06.2024.

Oversikt saksgang plansak og klage:

Kven	Kva	Dato
Kommunestyret (KO)	Vedtak i kommunestyret (KO) om godkjenning av reguleringsplan for fv. 565 Alversundbrua	19.06.2024
Vestland fylkeskommune (Vlfk)	Oppdaterte plankart, føresegner og planomtale med dato 15.05.2024 i tråd med KO vedtak av 19.06.2024	20.06.2024

Kommunedirektøren	Kunngjering av planen	26.06.2024
Klage – gbnr 134/219	Klage på planen	17.07.2024
Vestland fylkeskommune (Vlfk)	Foreløpig svar på klage	20.08.2024
Vestland fylkeskommune (Vlfk)	Avtalt synfaring/møte den 03.09.2024 med klagarane, kommunen og Vlfk	22.08.2024
Vestland fylkeskommune (Vlfk)	Møtereferat frå synfaring/møte 03.09.2024	23.09.2024
Klagar	Klage vert oppretthalden	10.10.2024
Klagar	Redigert svar på møtereferatet av 23.09.2024	11.10.2024
Vestland fylkeskommune (Vlfk)	Uttale/tilsvar til at klage vert oppretthalden i skriv av 10.10.2024	13.11.2024
Vestland fylkeskommune (Vlfk)	Uttale/tilsvar til redigert svar på møtereferatet i skriv av 11.10.2024	13.11.2024
Klagar	Svar på skriv frå Vestland fylkeskommune (Vlfk) av 13.11.2024	17.11.2024
Avdeling Plan og analyse	Historisk planmessig utgreiing - gbnr 134/219	17.01.2025 og 20.01.2025
Avdeling Landbruk	Landbruksfagleg utgreiing - gbnr 134/219	22.01.2025

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i [reguleringsplanen for Fv.564 Alversundbrua](#) er definert som LNF- og vegformål. Overordna [kommunedelplan \(KDP\) er Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031](#).

Kart og foto




Gbnr. 134/219 markert



KPA 1999/2000. Tomta markert ved raud ellipse

Oppdatert plankart med dato 15.05.2024 i tråd med KO vedtak av 19.06.2024



Klagegrunnar

Klagen av 17.07.24 og 10.10.24 er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Vi klager ihht:

Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua - 2. gongs handsaming Side 8, avsnitt 2

Der det sies at:

”Vest for brua blir det teke mykje areal frå eigedomen 134/219”

I tillegg er tilgang til eiendommen tidligere, på grunn av fyllmasser til veibane med buss-stopp over vår tidligere adkomst vei blitt sterkt begrenset.

Vi forstår også at det er utført grunnundersøkelser (boringer) på eiendommen uten at vi er informert og at det allerede senere i år er planlagt å benytte eiendommen til depot for fyllmasser, etc.

Vi ser derfor ikke hvordan vi kan benytte eiendommen i fremtiden og ber derfor om et møte snarest mulig med Alver kommune V/ Planforvaltning.

Her ønsker vi å bli informert om hvordan vi vil bli kompensert for tapt utnyttelse av eiendommen.»

Klagen gjelder eiendom: 4631-134/219

Viser til møte med grunneiere 03.09.2024, der vi kun vil selge hele eiendommen i sin helhet.

Grunneiere var på møtet helt tydelig på at eiendommen blir kun solgt i sin helhet og at grunneiere ikke er tjent med å sitte igjen med deler av eiendommen, som dere tidligere har ødelagt tilkomsten til, ved å heve veien med seks meter, utvidet den 3 ganger og lage busslomme.

Dette er blitt utført, uten å kompensere grunneierne!

Undertegnede grunneier ba representanten fra Alver kommune på møte, om å få datoer på når eiendommen ble båndlagt og når eiendommen ble lagt under LNFR-område.

Dette svaret har uteblitt!

Hvorfor er denne eiendommen lagt under LNFR-område?

Hele denne eiendommen fra fylkesvei og ned til Alverstraumen har kun vært utmark, i all tid. Den har kun blitt brukt til beite til sauer, vedhogst og tilgang til sjø/nøst.

Det finnes ikke matjord på denne eiendommen, da jorden aldri har vært dyrket.

- Eiendommen er blitt myrete ved stadige utvidelser av veien og ingen drenering.
- Eiendommen er blitt utilgjengelig for grunneiere
- Eiendommen vil ved ny bredere bro, brofundamenter og fyllmasser bli vesentlig mer skyggelagt.
- Støynivået vil ligge i rød og gul sone.

Avdøde grunneier Kåre Einar Hjellevad har tidligere brukt mye ressurser og energi på advokat, for å ivareta eiendom og grunneieres interesser.
Viser til advokatsak mot Lindås kommune og Statens veivesen.

Det vert vist til klagen og øvrige skriv i sin heilskap som følgjer vedlagt.


Uttalen/tilsvaret frå Vlfk, datert 13.11.2024, er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Vi viser til brev 17. oktober, der de oversender e-post frå grunneigarar på eigedomen 134/219 frå 10. oktober, der de opprettheld tidlegare klage på planvedtaket frå 17. juli. I klagen 17. juli såg ikkje dei korleis dei kunne nytte eigedomen i framtida og ba om eit møte om saka. Eit slik møte, med synfaring, vart halde 3. september, referat er vedlagt.

Jf. pkt. 8 i referatet var det i møtet diskusjon om m.a. tilkomst til eigedomen. I pkt. 7 meiner vi at ein slik tilkomst kan ordnast utan planendring, frå referatet:

«Ein enkel tilkomst til eigedomen tilpassa bruken i dag kan gå på fylkeskommunal eigedom og i foten av ny vegfylling frå den fylkeskommunale vegen fram til busslomma (o_SK2 i reguleringsplan), veldig grovt skissert under. Ved behov kan ein eventuelt og nytte litt av det som blir att av kommunal eigedom 134/161.»

Skisse frå referatet:



I klagen går det no fram at dei primært ønskjer at heile eigedomen blir innløyst, uavhengig av om vi opparbeider tilkomst som skissert.

Heile eigedomen 134/219 er knapt 8 000 m². Ny veg og bru er planlagt på om lag halvparten av dette arealet. I tillegg til dette permanente inngrepet vil store delar av eigedomen bli nytta som mellombels anleggsområde i samband med brubygginga. Etter at ny veg og bru er ferdig vil det framleis vere att om lag 4 000 m² av eigedomen, som i planen er set av som LNFR (Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift)-område. Med tilkomst til eigedomen som skissert i møtet 3. september kan eigdommen nyttast.

Det er nødvendig å ta om lag så stor del av eigedomen ved bygging av ny bru, da ny bru må liggje i ein viss avstand frå eksisterande bru for at det skal vere mogleg å byggje ny bru og rive den gamle. Vi har lagt ny bru så nær den gamle som råd.

I klagen stiller de og spørsmål rundt arealformålet LNFR. Planen for Alversundbrua er ein plan som er utarbeida for å leggje til rette for bygging av ny bru over Alverstraumen med tilkomstveggar. Noko sideareal som er nødvendig for å bygge brua blir teken med i ein slik plan, der ein viser kva areal som må nyttast i anleggsfasen. På desse areala legg ein normalt inn arealformålet desse areala har i tidlegare vedtekne planar.

Eigedomen 134/219 er ikkje dekt av tidlegare vedteken reguleringsplan, slik at gjeldande arealbruk etter plan- og bygningsloven går fram av Kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031. Det er der lagt inn arealformål «Veg» på store delar av eigedomen med tanke på ny bru og veg. Restarealet er markert som LNFR-område, og dette er det arealformålet vi da har nytta i reguleringsplanen for Alversundbrua. Vi har pr. no ikkje funne ut når arealet vart LNFR-område (og ser heller ikkje det som relevant i plansaken no), men jf. referatet har eigedomen vore set av til vegformål og LNFR-område sidan før år 2000. Vi kan ikkje sjå at når eigedomen vart «bandlagt» har nokon relevans for utforming av tiltaket og reguleringsplanen. Tidlegare utviding av vegen og saksgang knytt til dette ser vi heller ikkje på som relevant.

Det blir peika på at det ikkje er matjord på eigedomen, og at den berre er utmark. Ut frå plan- og bygningsloven er det LNFR som er rett arealformål for denne type utmark.

Vi kan ikkje sjå at det kjem fram nye vesentlege moment i klagen, og vil tilrå at den ikkje blir tatt til følge. Enkel tilkomst til eigedomen kan bli opparbeida utan endring av planen. Om det er aktuelt å kjøpe delar av eller heile eigedomen vil bli vurdert ved forhandlingar om grunnnerv. Planvedtaket har ikkje påverknad på dette.

Det vert vist til uttalen/tilsvaret og øvrige skriv i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Vurderinga tek utgangspunkt i den vedtatte planen opp mot dei konsekvensar planen medfører for gbnr 134/219 og om det skal gjerast endringar i planen for å kompensere for dei ulempa/inngrepa planen medfører for gbnr 134/219.

Utgreiing frå avdeling Plan- og analyse og Landbruk

Plan- og analyse sin utgreiing, datert 17.01.2025 og 20.01.2025, viser til følgjande:


«Den første kommuneplanen (KPA) for tidlegare Lindås kommune vart endeleg vedteke 25.05.2000 - KPA Lindås 1999-2010. I denne planen var arealformåla for 134/219 den same som det er i dagens gjeldande kommunedelplan (KDP) Knarvik – Alversund - Alverstraumen, planid 1263-201701, vedteke 25.11.2019. Før KPA i 2000 var det ikkje definert arealformål i KPA samanheng i tidlegare Lindås kommune.


Arealformåla for 134/219 har heile tida vert LNF og Veg på kommuneplan nivå. Eiendommen ligger inne med to forskjellige formål, Veg (2010) og LNF (5100), og det har det gjort hele tiden. Dvs at man allerede i 1999/2000 så at det burde komme ny bru, og derfor ble vegareal lagt inn allerede da.


Det er to adskilte formål, hvis man i KPA sammenheng skal kombinere formål blir det lagt inn som Kombinert formål (1800) med skravur på flaten. Dette blir på samme måte som et ikke utbygd eller regulert bustadområde ligger inne i KPA som gult område, men i praksis er det urørt natur (LNF). I tidligere planer ble R brukt i plankartet på de flatene

som det var krav om utarbeiding av reguleringsplan til. I senere planer er terskelen for det kravet blitt skjerpet og det er nå tatt inn som et mer generelt krav i føresegnene.»

Under følger 3 kartutsnitt fra forskjellige KPA/KDP rulleringar:







KDP Knarvik- Alversund med Alverstraumen 2019-2031

Alversund bru føresegner:

SKV 1	Alversund	4,2 daa	Skredfare skal utgreiast i reguleringsplanarbeid. Det blir føresett at fare knytt ein situasjon på bensinstasjonen blir vurdert meir detaljert seinare planfasar for sentrumsområdet og ny Alversund bru. Det må undersøkast om grunnen er forureina. Ny Alversund bru skal ha god arkitektonisk utforming med gode visuelle kvaliteter og det skal takast særskilt omsyn til landskapstilpassing i utforming av anlegget. Ny bru ligg i omsynssone Indre farlei og skal utformast i tråd med føringar som ligg til omsynssona. Forlenging av kyststien under brua som vist i vegplanen skal inngå i detaljreguleringsplanen. Deler av BS1 og BN4 kan inngå i detaljreguleringsplan for SV1, ny Alversund bru, utan at det utløyser krav om regulering av heile BS1 og BN4.
-------	-----------	---------	--

Kyststi	Alversund bru til Kvassnesstemma		Deler av kyststien som ikkje er opparbeidd skal inngå i detaljreguleringsplan. Kyststien må ikkje regulast i ein plan, men kan delast opp i delstrekningar. <i>Forstudie for kyststi</i> skal leggst til grunn for detaljplanlegging av kyststien.
---------	----------------------------------	--	--

Kyststi	Alversund bru til Kvassnesstemma		Deler av kyststien som ikkje er opparbeidd skal inngå i detaljreguleringsplan. Kyststien må ikkje regulast i ein plan, men kan delast opp i delstrekningar. <i>Forstudie for kyststi</i> skal leggst til grunn for detaljplanlegging av kyststien.
---------	----------------------------------	--	--

Landbruk sin utgreiing, datert 22.01.2025, viser til følgjande.

«I 1970 var det ikkje gardskart slik som i dag. Den gong var det økonomisk kartverk (ØK) som låg til grunn for klassifiseringa. Klassifiseringa var tufta på feltarbeid utført særleg på 60-talet. Det er var eit nøyaktig og omfattande arbeid som vart gjort, men ved seinare endringar vart ikkje skogareal prioritert. Det var jordbruksarealet som vart vurdert som viktigast å oppdatere. Difor hadde skogsareal som oftast uendra status sjølv om det ikkje alltid var reelt. Kva som er tilfelle her, er umogeleg å svare på med dei opplysningane vi har tilgjengeleg.

Om vi ser på ØK så er det vanskeleg å sikkert slå fast når arealet på eigedomen fekk status som produktiv skog. Fragmentering av området med tanke på etablering av eigedomar, gjer dette vanskeleg då vi ikkje kan finne boniteringsgrenser. Som fig. 1 neste side syner, er det

nord for denne egedomen plassert ein S som tyder «svært høg bonitet skog». Saman med S-en finn vi o) som tyder lauvskog.

Vi har altså ikkje tilgjengeleg opplysningar når arealet vart klassifisert som skog og heller ikkje kvifor klassifikasjonen av arealet er vidareført som skog fram til i dag. Derimot har vi tilgjengeleg flyfoto frå området frå 1966 og fram til i dag dvs. 2023. Sjå bildeserie fig.2-10.




Fig. 1. Klassifisering av areal på ØK. Nord for bnr. 219 finn vi o)S. Det vil sei høg bonitet skog og i dette tilfellet lauvskog.



Fig. 2. Ortofoto frå 1961. Det er lite skog på egedomen og for oss kan det sjå ut som det er beite-mark, eventuelt «anna areal». Unnataket er nordaust på egedomen som er bestokka med skog.



Fig. 3. Ortofoto frå 1966 syner ein ganske identisk situasjon med situasjonen i 1961.



Fig. 4. Ortofoto frå 1979. Vi ser etablering av kratt på midtpartiet på bnr. 219.



Fig. 5. Ortofoto frå 1982. Vi ser ei utvikling mot meir kratt på eigedomen. Det gjeld særleg nordre delen.



Fig.6. Ortofoto frå 2000. Krattet har utvikla seg til tre. Berre sørvestre del er meir opent.



Fig. 7. Ortofoto frå 2009. Trea har utvikla seg enno meir samanlikna med år 2000, men mot sørvest er det framleis meir ope.



Fig. 8. Ortofoto frå 2012. Etter kvart har det etablert seg noko kratt også mot sørvest på eigedomen.



Fig. 9. Ortofoto frå 2018. Skogen har etablert seg meir og meir. Det er framleis litt opne parti særleg mot sørvest.



Fig. 10. Ortofoto frå 2023 som er det siste vi har. Dette biletet er teke på ei tid på året når det ikkje er lauv på trea. Når det ikkje er lauv på trea, syner nok det den meir reelle situasjonen på bakken.

Etter kva vi kan sjå, har markslaget på bnr. 219 vore skog med høg bonitet heile tida. Vi vil gjere merksam på at det går fint å beite slik skogsmark sjølv om det ikkje er klassifisert som innmarksbeite, men dei som eventuelt nyttar dette som beite, kan ikkje søkje arealtilskot på det då det ikkje er klassifisert som innmarksbeite. Vi har difor ikkje dokumentasjon på bruken av arealet på bnr. 219 med tanke på beiting.

Når det gjeld eventuell uttak av ved har vi heller ikkje dokumentasjon på dette. Vi vil likevel generelt grunnlag peike på at det vil vere naturleg å nytte ein slik eigedom til uttak av ved for eige bruk.



Fig. 11. Dagens situasjon mot sørvest. Det er hogt nokre småbjørker nærast vegen. Om det er grunneigar eller vegeigar som har gjort det, er ukjent for oss. Bjørkene var ikkje fjerna.

Vi ser at tilkomsten til eigedomen er, slik eigarane skildra, avgrensa. Skal dei kome til frå nord må dei krysse et djupt bekkefar og gå via andre eigedomar. Frå vest er eigedomen utilgjengeleg pga. hovudvegen til Radøy.»

Vurderingar av moment i klagen

Tilkomst


Som klagen indikerer er det riktig at det ikkje er regulert tilkomst til gbnr. 134/219 i den vedtekne reguleringsplanen. Dette forholdet er ikkje tidlegare vurdert i planprosessen. Det er sett i gong ei endring av plan der ein regulerer tilkomst til eigedommen.

Arealformål for gbnr. 134/219

Klager meiner at LNF-formålet ikkje er passande for eigedomen. Det kjem likevel ikkje tydeleg fram kva formål som er føreslått i staden. Kommunedirektøren legg til grunn at det er bustadformål.

Etablering av ny bru med tilhøyrande vegsystem er i tråd med overordna planar. Eigedomen har vore regulert som LNF- og vegformål sidan den første kommuneplanen for Lindås frå 1999/2000.

Det har ikkje blitt vurdert bustadformål for denne eigedomen i planprosessen. Dette er ein vegplan. Slike planar legg vanlegvis ikkje til rette for nye bustadformål. Vidare kom det ikkje innspel om dette i planprosessen. Ein har derfor vidareført formåla i kommunedelplanen (KDP), der LNF-formålet har blitt utvida etter vurdering av behovet for vegformål i reguleringsplanen. Kommunedirektøren har gjort ei vurdering av tomta som utbyggingsformål. Vi kan ikkje sjå at tomta som utbyggingsformål ville ha ført fram, sjå kartutsnitt:



Grå stiplet lengst i nord = byggegrense mot sjø fra KDP på 30 m
 Rosa stiplet = 30 m fra kystkontur
 Blå stiplet = 30 m fra vegkant
 Gul markering: aktuelt byggeareal på 134/219 etter at byggegrenser er satt



Omtrentleg plassering av restareal etter etablerte byggegrenser

Det er eit lite areal som står att etter at byggegrensene mot sjø og veg er fastsette. Tomta vil ligge i gul støysone og innfor omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Tomta ligg ikkje spesielt

godt til i det skrånande terrenget. Med nærleiken til brua vurderer kommunedirektøren området som ueigna for utbygging.

Plassering av brufundament

I klagen er det peika på at planframlegget fører til at eigedomen vert skuggelagt, myrete og at støynivået aukar.

Kommunedirektøren legg til grunn svaret frå fylkeskommunen. Vidare vert det vist at endra støy- og skuggeforhold er som forventa når ein må trekkje heile vegsystemet lenger nord for å plassere den nye brua. Veganlegget held seg likevel innafor det som er fastsett som vegformål i overordna plan. I uttale til klagen frå Vlfk så vert det vist til følgjande:

«Det er nødvendig å ta om lag så stor del av eigedomen ved bygging av ny bru, da ny bru må liggje i ein viss avstand frå eksisterande bru for at det skal vere mogleg å byggje ny bru og rive den gamle. Vi har lagt ny bru så nær den gamle som råd».

Utsett iverksetting

Kommunedirektøren har vurdert at det ikkje er naudsynt å gje utsett iverksetting. Det skal gjennomførast grunnerverv for heile planområdet før det fysiske arbeidet med brua startar opp. Klagesaka vil vere avgjort innan den tid.

Varsling og medverknad

Grunneigarane meiner dei ikkje har fått medverka tilstrekkeleg i planprosessen. Dei meiner at informasjon om informasjonsmøte og høyringar har uteblitt for fleire av grunneigarane. Årsaka til dette er at matrikkelen ikkje er oppdatert med arvingar etter grunneigaren sin bortgang. Dette er grunnen til at etterkommarane ikkje har kome med merknader i planprosessen.

Kommunedirektøren viser til at fylkeskommunen har hatt informasjon om det noko fragmenterte eigarforholdet til tomta, men det er kommunen som står for varsling i samband med offentleg ettersyn og høyringar. Dessverre vart ikkje denne informasjonen delt med saksbehandlar for planen i kommunen.

Kommunedirektøren vurderer at det ikkje ligg føre saksbehandlingsfeil då kommunen legg til grunn informasjonen som er registrert i matrikkelen, jf. pbl § 12-10 andre ledd. Loven seier at det er registrerte grunneigarar og festarar, og andre rettshavarar dersom det er mogeleg, som skal varslast. For denne tomta er det totalt fem grunneigarar. Alle desse er varsla på ein vellykka måte, med unntak av Kåre Einar Hjellestad som er oppført som eigar av ¼ av tomta. Etter hans bortgang er ikkje matrikkelen oppdatert med kontaktpersonar, dødsbu eller liknande. Vigdis Olsen står framleis oppdatert som eigar av ¼ av tomta.

Gbnr 134/219 – 5 grunneigarar ifølgje matrikkelen pr. 27.01.2025:

Navn: OLSEN VIGDIS Nr: - Adresse: GRIMSEIDVEGEN Andel: 1/4 Tinglyst: 30.08.1996 Eierforhold: Heimelshavar	Navn: HJELLESTAD KÅRE EINAR Nr: - Adresse: , Andel: 1/4 Tinglyst: 30.08.1996 Eierforhold: Heimelshavar	Navn: LIEN GEIR KETIL Nr: - Adresse: Hjeltestadvegen 2 Andel: 1/8 Tinglyst: 13.04.2023 Eierforhold: Heimelshavar	Navn: LIEN AAGE Nr: - Adresse: OLE MOES VEI 22 Andel: 1/8 Tinglyst: 13.04.2023 Eierforhold: Heimelshavar	Navn: HJELLESTAD JAN HILLAND Nr: - Adresse: SYNNINGAVEGEN 23, HJ Andel: 1/4 Tinglyst: 30.08.1996 Eierforhold: Heimelshavar
--	---	---	---	---

Når eit privat eller offentleg skifte er ferdigstilt, så skal matrikkelen i etterkant oppdaterast med ny eigar/eigarar i matrikkelen. Kåre Einar Hjeltestad og Vigdis Olsen står framleis som deleigar av gbnr 134/219. Kommunen forheldt seg til den informasjon som er registrert i matrikkelen. Det er bubestyrar, testamentfullbyrdar og øvrige som har et særskilt ansvar overfor offentlege mynde å informere om moglege arvingar som bør ha informasjon om planprosessar i tråd med pbl § 12-10 andre ledd. Vidare er kontaktperson for klagar, Duesund, varsla om planarbeidet som grunneigar av gbnr. 134/320. Etter kommunedirektøren sitt syn, så burde det vere gode moglegheiter for henne å fange opp varsel om oppstart, høyring og vedtak som ho kunne ha vidareformidla til øvrige arvingar.

Subsidiært

For det tilfellet at manglande varslings og medverknad i planprosessen for arvingane medfører sakshandsamingsfeil, så har ikkje sakshandsamingsfeilen medført at planvedtaket er ugyldig etter forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c). Klagar ønskjer først og fremst innløyising av heile eigedomen – gbnr 134/219. Innløyising er ikkje ein del av noverande klage etter forvaltningslova kap. VI, men ein del av grunnervvervsprosessen etter plan- og bygningslova kapittel 15. Vidare har Vlfk direkte dialog med klagar om eventuell heil eller delvis innløyising av gbnr 134/219. Det er sett i gong ei endring av plan der ein regulerer tilkomst til eigedommen. Denne etterfølgjande prosessen etter planvedtaket, vil såleis handsame klagars merknader.

Klagar etterspør utgreiing av eigedomen sin planmessige historie og kvifor eigedomen er landbruk, natur og friluftslivsføremål (LNF). Gbnr134/219 si planmessige historie samt eigedomen sin historiske og noverande arealføremål status, som veg og LNF, er svart ut av kommunen slik klagar har bedt ein tilbakemelding på. Klagar sine merknader er handsama i klageomgangen.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at klagar ønskjer endring av sjølve planvedtaket. Klagar viser ikkje til alternativ plassering av brua som vil gjere eigedomen mindre skuggelagt, myrete og lavare støynivå. Klagar ønskjer ny bru velkommen. Klagen vil dermed ikkje føre til ein endring av planen.

På denne bakgrunn ligg det ikkje føre sakshandsamingsfeil i høve varslings og medverknad i planprosessen, jf. forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c).

Informasjon i klagesaka

I den videre handsaminga av klagesaka, så vert samtlige arvingar informert (slik dei er opplyst hos Vlfk). Dette på bakgrunn av at manglande varsling har vore eit tema i saka samt at kontaktperson Duesund ikkje nyttar digital postkasse og får sin kommunikasjon pr. brev. Kommunen nyttar digital utsending i sin kommunikasjon utad. For å unngå at arvingane ikkje vert informert innan høveleg tid i klageomgangen, så vert dei også informert om vidare prosess i klagesaka.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følge og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følge.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følge vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følge, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.

- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klager, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua - 2. gongs handsaming
- 2 Kunngjering av vedtatt plan
- 3 Godkjent Regplan 19.06.2024.pdf
- 4 Føresegner_fv. 565 Alversundbrua etter vedtak.pdf
- 5 Planomtale fv 565 Alversundbrua etter vedtak.pdf
- 6 Klage Alver Kommune
- 7 Oversending - klager - vedtatt detaljregulering - Alversundbrua - Alver kommune.pdf
- 8 Reguleringsplan fv. 565 Alversundbrua og eigedomen 134_219.pdf
- 9 grunneigarar 134_219 20240903.pdf
- 10 Oppretholdelse av klage 10.10.2024 PDF.pdf
- 11 Tilsvar på møteferat datert 23.09.2024.pdf
- 12 Oversending av klage til uttale - detaljregulering - fv. 565 - Alversundbrua - Alver kommune.pdf
- 13 Redigert utgave av tilsvar på møtereferat 23.09.2024.pdf
- 14 Motsvar referat Inga Hals 17nov24.pdf
- 15 KPA Lindås 1999-2010

